

Kulturmiljø av regional interesse i Hjelmeland kommune

Dette dokumentet er eit uttrekk frå temakart-Rogaland og viser kulturmiljø av regional interesse som er del av Regionalplan for kulturmiljø.

[Sjå oversikten over heile Rogaland i ei interaktiv kartløyning i Temakart-Rogaland.](#)

Oversikta er eit kunnskapsgrunnlag for vidare planlegging og utvikling i kommunane, og skal bidra til føreseielege prosessar gjennom at informasjon om kva som er regionalt viktige kulturmiljø og landskap, blir kjent og tilgjengeleg. [Du finn meir informasjon om oversikten i Regionalplan for kulturmiljø kapittel 7 og 8.](#)

I tillegg til kulturmiljøa i dette dokumentet er kulturmiljø og landskap registrert av Riksantikvaren og ein del av regionalplanen. Desse er i frå Riksantikvarens nasjonale register over kulturmiljø og landskap(NB!-registeret og KULA), Utvalde kulturlandskap i jordbruket(UKL) og freda område og kulturmiljø (Askeladden).

[Les meir om kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse.](#)

[Les meir om Utvalde kulturlandskap i jordbruket hjå statsforvalteren.](#)

Innhald

Kulturmiljø av regional interesse i Hjelmeland kommune	1
Hjelmelandsvågen og Nordbygda	2
Nedre Valheim	8
Vigatunet	13
Ramsfjell	16
Tøtlandsvik	20

Hjelmelandsvågen og Nordbygda

id	8
Namn	Hjelmelandsvågen og Nordbygda
Kommune	1133 - Hjelmeland
Tema	Kystkultur, fiskeri, handel og sjøfart, Busetting by- og tettstadutvikling
Periode	Før- og etterreformatorisk tid
Kjelde	Askeladden, Plan for kulturminne/kulturarv for Hjelmeland kommune 2017-2029, Hjelmeland Bygdesoge før 1800 og Hjelmeland Gardar og folk 2 av Trygve Brandal, Våre kirker - Norsk kirkeleksikon; nasjonalbiblioteket.no, Hjelmelandsvågen Ein strandstad i Ryfylke av Njål Tjeltveit
Vernestatus	Kulturminneloven, Omsynssone (pbl), Kulturminneplan

Skildring

Strandstaden Hjelmelandsvågen og Nordbygda voks fram på 1800-talet, men det har vore busetnad her tidlegare enn dette. Her finst eit godt bevart bygningsmiljø med naust, sjøhus, bustadhus, uthus, kyrkje med kyrkjegard, kommunehus og næringsbygg, som hovudsakleg er frå 1800- og 1900-talet. I mellomalderen skal det ha stått ei kyrkje med kyrkjegard ved elvemunningen, i området kor kommunehuset no er plassert. Den eldste omtalen av denne kyrkja er frå 1280.

i 1764 fekk nokre kjøpmenn frå Bergen privilegium til å drifte kopparverk i Ryfylke. Smeltehytta låg i Hjelmelandsvågen, basert på malm frå Forsand. Drifta var kortvarig, og det er ikkje spor bevart, men den vitnar om ei gryande industrialisering i Rogaland.

Strandstaden i Vågen låg under garden Sæbø og strekte seg frå elveutløpet i sør og nordover. På byrjinga av 1800-talet budde det seks familiar (ca. 30 personar) ved sjøen og mot slutten av hundreåret hadde folketalet stige til over 250 personar. Dei var strandsitjarar som livnærte seg av handverk, fiske og sjøfart, i motsetning til resten av befolkninga som levde av jordbruk.

Vågen vart etter kvart sentrum i Hjelmeland og fekk funksjon som kommunesenter, knutepunkt for rutebåten, bustadområde og handels- og næringsstad. I Hjelmelandsvågen vart det drive gjestgiveri, bakeri, skomakarverksemd, sagbruk, farger, smed, bankverksemd, spinneri med meir. Fleire av bygga som husa desse næringane står framleis.

I 1940 vart Hjelmelandsvågen ramma av ein stor flaum, kor brua, fleire bygningar og deler av den gamle kyrkjegarden vart øydelagde. Flaumen fekk også avgjerande betydning for den vidare utviklinga av området. Vågen vart vesentleg endra fordi husa og "den smale sentrumsgata" mellom kaien og brua som forsvant under flaumen, aldri vart bygde opp att.

Nokre av dei viktigaste bygningane innafor kulturmiljøet er Hjelmeland kyrkje, "Spinneriet" og kommunehuset. Hjelmeland kyrkje, frå 1858, er ei langkyrkje i tre og vart teikna av arkitekt Hans D. F. von Linstow. "Spinneriet" vart oppført tidleg på 1870-talet og ligg ved elva. Bygningen har opp gjennom tidene hatt mange ulike funksjonar, som spinneri, kraftverk, hermetikk-, jærstol- og treskofabrikk m.m. Kommune- og bankhuset i Vågen vart oppført i 1962 og er eit tidstypisk døme på etterkrigsarkitektur.

Omfang

Miljøet omfattar Hjelmeland kyrkje med kyrkjegard i sør til og med dei verneverdige bygga på gnr. 58, bnr. 2, 17 og bnr. 12 i nord, og frå sjøen i vest til Burmavegen i aust. Deler av miljøet er i gjeldande reguleringsplan for området regulert til spesialområde for bevaring (reguleringsplan frå 1991).

Omfanget er redusert i Nordbygda etter høyring av regionalplan for kulturmiljø våren 2023.

Regional interesse

Kulturmiljøet er ei kjelde til kunnskap om - og representativt for framveksten av – ein strandstad/kystkultur og utviklinga av ein tettstad og eit administrativt sentrum. Det sjølvgrodde bygningsmiljøet har bevart mykje av det opphavslege preget sitt og har derfor stor opplevings-, formidlings- og bruksverdi.

Sårbarheit og forvaltning

Bygningane sin verneverdi kan bli øydelagde av større endringar, ombygging og påbygging. Fortetting av sentrumsområdet kan redusere den heilskaplege opplevinga av kulturmiljøet, dersom fortettinga øydelegg hagane og bryt med eksisterande bygningsmiljø når det gjeld utforming, høgder, materialvalg, plassering på tomta etc.

Hovudbilde



Trehusmiljø i Hjelmelandsvågen

Kartutsnitt




Avgrensing pr. 28.10.2022

Bildevedlegg



Spinneriet er tidlegare ullvare og møbelfabrikk, og er i dag kulturhus. Burmavegen 9 er frå rundt 1800, og er eit av få hus langs elva som overlevde flaumen i 1940.



Utsikt mot Nordbygda i Hjelmeland

Nedre Valheim

id	25
Namn	Nedre Valheim
Kommune	1133 - Hjelmeland
Tema	Landbruk og kulturlandskap, Tradisjon og religion
Periode	Jernalder
Kjelde	Askeladden/Kulturminnesøk, Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse(KULA), Riksantikvaren 2021
Vernestatus	Kulturminneloven

Skildring

Kulturmiljøet på Nedre Valheim ligg på ein moreneterrasse ved enden av Øvre Tysdalsvatnet i Årdal. Landskapet er eit jordbrukslandskap, som fortsatt har det meste av den opphavelige topografien sin, og som ikkje har gått gjennom større endringar i moderne tid. Kulturminna ligg spreidde over heile moreneterrassen og består av eit heilskapleg gardsanlegg, gravminne, gravfelt og busetnads- og aktivitetsspor frå jernalder (sannsynlegvis også frå bronsealder). Til saman utgjer dei over 1000 einskildminne, både synlege og ikkje-synlege.

Eitt kulturminne som kan trekkjast fram er gardsanlegget på Nedre Valheim som er eit av gardsanlegga i Rogaland med flest synlege einskildminne (ca. 500) og stor variasjon i ulike typar av kulturminne. Her finst det to tufter, gardfar, rydningsrøyser, dyrkingsspor og mange og varierte gravminne. Samlinga av gravminne frå folkevandringstid og vikingetid er også noko som skil Nedre Valheim frå andre gardsanlegg i Rogaland. Her finst blant anna dei sjeldne stjerneforma gravrøysene.

Gardsanlegget ligg i eit sentralt jordbrukslandskap og skil seg dermed frå mange av dei andre gardsanlegga i Rogaland, som har synlege spor, men som ligg i marginale utmarksområde. Ettersom kulturminna på Nedre Valheim er lette å sjå og framleis ligg urørte i eit aktivt jordbrukslandskap, gjer dette sitt til at området si historie blir svært lesbar.

Omfang

Kulturmiljøet omfattar moreneterrassen på Nedre Valheim med fleire automatisk freda kulturminne frå jernalderen.

Regional interesse

Kulturmiljøet har høy kulturhistorisk verdi fordi:

- Det gir kunnskap om og representerer det førhistoriske jordbrukssamfunnet i jernalder. I tillegg gir det eit godt innblikk i organiseringa av garden og samfunnet, samt religiøs tradisjon.
- det består av eit betydeleg antal, og eit sjeldent stort mangfald av, kulturminne frå jernalderen. Kulturmiljøet har dermed stor kunnskapsverdi.
- gardsanlegget på Nedre Valheim er eitt av gardsanlegga i Rogaland med flest synlege einskildminne.
- gardsanlegget og gravrøysene/gravfelta ligg ved Valheimsvegen og er godt bevarte. Spora er også godt synlege i terrenget og har potensiale for formidling.
- Uvanleg mange av gravminna er frå vikingtid. Her finst også dei sjeldne stjerneforma gravrøysene, som er lite forska på og som derfor har svært stor kjeldeverdi.

Sårbarheit og forvaltning


Kulturmiljøet ligg på ei moreneavsetnad med svært gode grusførekomster. Det har vore press for å utvinne grusførekomsten.

Hovudbilde



Gravfeltet på Nedre Valheim.

Kartutsnitt




Kartutsnitt per 11.22

Bildevedlegg 1



Ei av de sjeldne stjerneforma gravrøysene på gravfeltet på Nedre Valheim.

Bildevedlegg 2



LIDAR er en optisk fjernmålingsteknikk som gjer det mogleg å sjå korleis terrenget ser ut utan vegetasjon. Då trer tufter og gravrøysar tydeleg fram. Legg merke til den sjeldne stjerneforma røysa der steingard og veg møtes litt nedanfor midten av bildet.

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø
Sist endra 19.05.2023

Legg og merke til at nokre av gravrøysene har hull i midten, såkalla plyndringsgroper. LIDAR-bilde frå Temakart Rogaland.

Vigatunet

id	147
Namn	Vigatunet
Kommune	1133 - Hjelmeland
Tema	Landbruk og kulturlandskap, Krig og konflikt, Tradisjon og religion.
Periode	Før- og etterreformatorisk tid
Kjelde	Kulturminneplan (vedteken 2018), Askeladden/kulturminnesøk, Ryfylkemuseet, Folk i Ryfylke 2007
Vernestatus	Kulturminneloven, Omsynssone (pbl)

Skildring

Det er registrert mange kulturminne, både automatisk freda og nyare tids kulturminne innanfor kulturmiljøet. Det mest kjende av kulturminna er Vigatunet, som er eit godt bevart gardsanlegg, hovudsakleg frå tidleg 1800-tal. Vigatunet er i dag eit museumstun som er eigd og drifta av Ryfylkemuseet. Vigatunet er kjent frå skriftlege kjelder frå 1500-talet, og det var busetnad på tunet fram til det vart fråflytta i 1955. Mykje av inventaret står att i husa etter den siste eigaren og gjev eit autentisk innblikk i dagleglivet til dei som har budd på tunet.

I dag står tunet slik det såg ut i 1821. Delar av stovehuset i Viga, den gamle røykstova, er frå 1600talet. Elles finn me også eldhus, stabbur, løe og ei mindre stove kalla «Sisselastova» på tunet. Ein stor del av bygningsmassen er klassifisert som klasse A i SEFRAK-registeret.

Typisk for Viga og andre eldre hus i Hjelmeland er helletaket, som er lagt med ein teknikk som skil seg ut frå det som har vore praksis andre stader i landet. Ryfylkemuseet har gjennomført fleire restaureringar etter gamal byggeskikk og metodar på tunet, og det er også ei eiga utstilling om tradisjonshandverk i løa.

Driftsgrunnlaget på Viga har vore åkerbruk og husdyrhald, men det har også blitt dyrka frukt, og på tunet er der ein kulturhistorisk frukthage.

Det er fleire kjente automatisk freda kulturminne i området. Blant anna er det fleire gravminner, bosetningsspor og to bygdeborgar frå jernalder – Borgaråsen og Mjølhus – som ligg innanfor kulturmiljøet. Bygdeborgene viser at området også hadde ei forsvarsstrategisk viktig plassering i jernalder.

Omfang

Omfattar omsynssone i kommuneplan.(2020) Miljøet er noko utvida mot sør for å få med sikringssona og hele kulturminna med id 44456 (bygdeborg), 65659 (gravminne) og 72175 (bygdeborg).


Regional interesse

Miljøet har store verdiar knytta til opplevinga av ein heilskapeleg og autentisk bygningsmasse. Helletaka på husa er også eit døme på teknikk som er typisk for Hjelmeland. Bosetningsspor, gravminner og bygdeborgar frå jernalder viser stor tidsdjupne, og lang kontinuitet i bosetning av området. Vigatunet er også eit godt tilrettelagt museumsanlegg med stor kunnskaps- og formidlingsverdi.

Sårbarheit og forvaltning

Kulturmiljøet er sårbart for store endringer i omgivelsene, som ikkje tar omsyn til landskap og kulturmiljø.

Kartutsnitt



Kartutsnitt 13.10.2022

Bildevedlegg 1



Oversikt over Vigatunet

Ramsfjell

id	319
Namn	Ramsfjell
Kommune	1133 - Hjelmeland
Tema	Landbruk og kulturlandskap
Periode	Etterreformatorisk tid
Kjelde	Hjelmeland: gardar og folk. 1.: Gardane på nordsida av Randøy, på Ombo, Jøsneset og i Jøsenfjorden s. 287 - 289), kulturminneplan 2017-2029 (s . 20)
Vernestatus	

Skildring

På nordsida av Jøsenfjorden, eit godt stykke oppi den bratte lia, ligg dei tre gardane på Ramsfjell. Den første busetnaden ein kjenner til her, skal ha vore tidleg i mellomalderen, men gardane vart liggande aude då Svartedauen kom i 1350. Først mot slutten av 1500-talet, vart det på ny busetjing på gardane, og det var truleg då garden Ramsfjell vart delt opp i ein ytre og ein indre gard. Gardane var i drift i om lag 350 år, før dei vart fråflytta på 1950-talet.

Bruka ligg i ei bratt, sørvent skråning, og omgjevnadene er prega av at drifta ikkje har vore vesentleg modernisert. Her finst fleire bakkemurar i markene nedanfor husa, og også sjølve husa er bygde på bakkemurar i det bratte terrenget. Mykje av den rydda marka er i ferd med å gro att, men bøane nærast gardshusa er framleis opne. Dei fleste av husa står framleis, men for nokre av uthusa, særleg på Ytre Ramsfjell, er berre grunnmurane attende. Samtlege av bygningane er registrert i SEFRAKarkivet. Mellom bøane og vegen ligg eldre haustingsskog med styvingstre.

Kulturmiljøet på Ramsfjell er eit samanhengande miljø, der kulturlandskapet og bygningane fortel om tradisjonell gardsdrift. Omgjevnadene gir eit bilete av korleis landskapet vart nytta då gardane var i drift.

Regional interesse

Kulturmiljøet har særleg store verdiar knytta til landbruks- og busetjingshistorie, der bygningane og kulturlandskapet kring garden fortel om tradisjonell gardsdrift. Gardane på Ramsfjell ligg i eit særskilt vakkert landskap og har høg opplevingsverd.

Sårbarheit og forvaltning

Kulturmiljøet er mest sårbart for attgroing og forfall.


Deler av kulturmiljøet er markert med omsynssone bevaring naturmiljø i kommuneplan for Hjelmeland(2020).

Hovudbilde



Bratt kulturlandskap og tun på Indre Ramsfjell.

Kartutsnitt



Kartutsnitt per 23.09.2022

Bildevedlegg 1



Stien opp til Ramsfjell.

Tøtlandsvik

id	466
Namn	Tøtlandsvik
Kommune	1133 - Hjelmeland
Tema	Kystkultur, fiskeri, handel og sjøfart
Periode	Før- og etterreformatorisk tid
Kjelde	Askeladden, Fylkesplan for kulturminne (1989), reguleringsplan for Tøtlandsvik(1998)
Vernestatus	Omsynssone (pbl), Kulturminneloven, Kulturminneplan

Skildring

I Tøtlandsvik, nord for utløpet til elva Vormo, ligg eit eldre naustmiljø, som består av fem godt bevarte naust. Dei vart oppførte ein gong mellom 1875-1900 og er registrert i SEFRAK-registreret. Det har også stått naust her tidlegare. I bakkant av dei to nordligste nausta ligg det to nausttuffer og eit båtopptrekk frå førreformatorisk tid (vikingetid-middelalder).

Omfang

Kulturmiljøet har omtrent den same avgrensinga som spesialområdet for bevaring av naustmiljøet i reguleringsplan for Tøtlandsvik, vedteken av kommunestyret i 1998.

Regional interesse

Kulturmiljøet er ei kjelde til kunnskap om - og representativt for - kystkulturen og fiske i utkantområda.

Dei godt bevarte nauttuffene frå 1800-talet og stranda gir opplevings- og formidlingsverdi. Nausttuffene og båtopptrekket frå førreformatorisk tid gir kulturmiljøet stor tidsdjupne og lang brukskontinuitet.

Hovudbilde



Nausta i Tøtlandsvik

Kartutsnitt



Avgrensing pr. 28.10.2022